



Stiftinga Ormelid gard  
v/Torunn Marie Løne Vinje

Nærings- og kulturavdelinga

**Sakshandsamar:**

Arlen Synnøve Bidne

E-post: arlen.synnove.bidne@sfj.no

Tlf.: 41530934

**Vår ref.**

Sak nr.: 16/2825-4

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

29246/16

**Dykkar ref.**

**Dato**

LEIKANGER, 06.09.2016

## **Svar - Ormelid - stabburet dispensasjon frå fredingsvedtak**

Vi syner til brev av 5. september 2016 med søknad om dispensasjon frå fredingsvedtaket til å gjennomføre tiltak på stabburet på Ormelid. Bakgrunnen for søknaden er at stabburet har behov for omfattande istandsetjing og i den samanhengen vil det bli nødvendig å skifte ut ein del av materiala. Stiftinga har tidlegare utarbeida to ulike framlegg til korleis dette kan gjerast, alternativ 1 med restaurering på staden og alternativ 2 med demontering av stabburet for restaurering i hall før det vert sett opp att på opphavleg stad, sendt fylkeskommunen i brev av 2. februar 2016. Søknaden av 5. september 2016 er om løyve til å gjennomføre alternativ 1.

### **Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev fyljande dispensasjon frå vedtak om freding av stabburet på Ormelid etter Lov om kulturminne § 15, jf. § 15a:**

- Det vert gjeve løyve til gjennomføring av restaurerings tiltak på stabburet slik det er skildra i alternativ 1 i brev av 2. februar 2016

### **Vilkår**

Dispensasjonen er gjeven på fyljande vilkår:

- Tiltaket skal gjennomførast slik det er skildra i brev av 2. februar 2016.
- Utskifting av materiale skal vere så lite som mogleg. Dei nye materialane skal ha same kvalitet og utforming som dei opphavlege.
- Det skal gjennomførast eit oppstartmøte med eigar, utøvande handverkar og fylkeskommunen sin restaureringsleiar før tiltaket vert sett i verk. Der ein mellom anna går igjennom grad av utskifting av material. Eigar er ansvarleg for å kalle inn til dette møtet.
- Når tiltaket er ferdig skal rapport sendast til Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Dispensasjonen er gyldig i tre år frå dato for dette brevet.

### **Skadeomfang**

Stiftinga har utgreidd to ulike alternativ for restaureringa av stabburet. Fylkeskommunen har tidlegare gjeve Stiftinga Ormelid gard innspel om at alternativ 1, med restaurering på staden, er det som tek best vare på bygningen sine kulturhistoriske verdiar og er det alternativet som er tilrådeleg å gjennomføre. I brev av 2. februar 2016 uttalar stiftinga at det er dette alternativet som er deira føretrekte alternativ.

Bygningen har i dag behov for omfattande istandsetjing og har i tilstandsregistreringa fått tilstandsgrad 3. Alternativ 1 omfattar å demontere murstabbane, feste dei til underlaget og mure opp att med same stein og bindemiddel. Reparasjon og delevis oppattbygging av gangvegen. I tømmerkonstruksjonen må syllstokkane skiftast samt at roteskada tømmer i veggane må skiftast ut med ny material. Vidare må bygningen avstivast for å hindre utgliding. På vestveggen må det ny kledning. Det er vidare nødvendig å demontere golv og listverk for å kunne gjennomføre reparasjonane, dette vil bli remontert. Takkonstruksjonen har roteskadar som må utbetrastrast. Her er det nødvendig å fjerne det gamle torvtaket for å kunne skifte ut dei roteskada taksperra. Dei delane av sutaket som ikkje er roteskada vert remontert og supplert med ny material der det er behov for det. Etter at takkonstruksjonen er reparert vert det lagt torv. På oppsida vil det bli lagt til ei takrenne. Ytterdørene og vindauge skal reparerast, der treverket er øydelagd vert nytt treverk felt inn.

Besøksadresse:

Kultur: Storehagen 1B, Førde  
Næringer: Fylkeshuset, Leikanger

Postadresse:

Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

E-post:

post@sfj.no  
Heimeside:  
www.sfj.no

Telefon:

57638000

Bankgiro:

4212 02 02000

Org.nr.:

NO 941 388 841 MVA

## Vurdering

Det omsøkte alternativet vil etter fylkeskommunen si vurdering ta godt vare på bygningen sine kulturhistoriske verdiar samstundes som den vert sett i stand og ein vil unngå nye skader på bygningen. Stabburet har i dag omfattande skader, noko som fører til at ein må rekne med ein del utsifting av material. Slik tiltaket er skildra er det lagt vekt på at så mykje som mogleg av materialen vert nytta oppatt. Ei ekstra utfordring slik vi ser det er lerretstapeten i rommet som er innreia som stove. Det er svært viktig at denne vert bevart og at en i samband med restaureringa tek dei nødvendige omsyna for å hindre at denne vert skada.

Dei omsøkte tiltaka er av Sogn og Fjordane fylkeskommune vurdert til å være eit særlig tilfelle på grunn av bygningen sin tilstand. På bakgrunn av slik tiltaket er planlagt utført vurderer Sogn og Fjordane fylkeskommune det som eit mindre vesentleg inngrep i den frede bygningen og såleis kan vi gje løye til gjennomføring av alternativ 1 for istandsetjing av stabburet på Ormelid.

## Klagerett

Dispensasjon frå vedtak om freding er eit enkeltvedtak og kan klagast på jf. Forvaltningslova § 28. Klageinstans for dette vedtaket er Riksantikvaren. Ein eventuelt klage skal stila til Riksantikvaren men sendast til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Frist for å klage dette vedtaket er 3 veker, jf. Forvaltningslova § 29.

## Vedrørande automatisk frede kulturminne

I samband med jordbruksundersøkingar på Øvre Ormelid er det påvist omfattande førhistoriske busetingsspor og dyrkingsspor datert til yngre jarnalder og mellomalder. Dei registrerte automatisk frede kulturminna (ID: 148913, 148921, 148922, 148919, 148930, 148920) omkrinsar tunet på Ormelid.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer difor at det er eit potensiale for å gjere funn av tilsvarende kulturminne i samband med utbetringa av sabburet.

Vi gjer tiltakshavar merksam på følgjande.

*Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk frede kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.*

Automatisk frede kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i under grunnen eller i groper, steinsettingar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.

Dersom utbetringa av stabburet fører til gravearbeid utanfor stabburet si bygningsflate må ein ta kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Med helsing

Arlen Synnøve Bidne  
rådgjevar arkitektur

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

## Kopi til:

Leiar i Stiftinga Ormelid gard, Torodd Urnes  
Riksantikvaren